



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/6535-8

Revisorbrev 2017 - svar frå fylkesrådmannen

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek svarbrev frå fylkesrådmannen til revisorbrev 04-2017 til vitande.
2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i brevet vert gjort i samband med interims- og årsoppgjersrevisjonen 2017.
3. Oppfølging av revisorbrev 04-2017 er fullført.

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

- Brev frå fylkesrådmannen datert 30.10.2017
- E-post frå SF revisjon IKS datert 2. november 2017

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal sjå til at dei tilhøve som revisjonen peikar på, etter forskrift om revisjon § 4, vert følgjt opp av fylkeskommunen. Dette er nedfelt i forskrift om kontrollutval § 8.

Innhaldet i forskrifta inneber ei plikt for kontrollutvalet til å sjå til at skriftlege påpeikingar frå revisor vert følgjt opp.

Revisor skal sende nummererte revisorbrev, ref. forskrift om revisjon § 4, til kontrollutvalet for å peike på forhold som til dømes manglende oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysning, feil og manglar ved den økonomiske internkontrollen, feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen etc.

SF revisjon IKS sendte revisorbrev 04-2017, datert 21. august 2017 til kontrollutvalet med kopi til fylkesrådmannen. Kontrollutvalet handsama brevet 29. august 2016 i KU-sak 32/17, og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 04 – 2017 til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant:
 - a. Få på plass eit tilfredsstillande system som sikrar at renter avsett til/ført på dei bundne fonda vert i samsvar med krava til tilskotsgjevar og/eller andre gjeldande retningslinjer
 - b. Sette i verk tiltak som sikrar rutinane for avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar.

- c. Ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister som gjev tilstrekkelege opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.
 - d. Sikre at budsjettvedtak om avsetting og bruk av disposisjonsfond blir vedteke med beløp, og at rekneskapsføring vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav.
 - e. Fylkeskommunen må sørge for at budsjettering og rekneskapsføring av ubundne investeringsfond vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav samt sikre at kolonnen for regulert budsjett i rekneskapen vert sett opp i samsvar med budsjettvedtak.
 - f. Fortsette arbeidet med oppretting av VPS-konto og VPS Investorteneste for å få lagt fram ekstern dokumentasjon for ihendehavarobligasjonslån og sertifikatlån i framtida.
 - g. Fylkeskommunen må få på plass eit system som sikrar at alle vesentlege balansepostar er avstemt og dokumentert i samsvar med Norsk bokføringsstandard (NBS) nr. 5.
 - h. Fylkeskommunen må for ettertid avstemmer rekneskapen mot aksjeoppgåva, og eventuelt gjer greie for årsaka til avvik mellom nota og aksjeoppgåva
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. november 2017 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet mottok brev frå fylkesrådmannen 30. oktober, med fylkesrådmannen si oppfølging av revisorbrev 04-2017.

Fylkesrådmannen gjev i brevet ein status på tiltak for å følgje opp tilrådingar i revisorbrevet.

Fylkesrådmannen skriv i brevet at ei omlegging av anleggsregister i samsvar med revisjonen sitt forslag vil gje eit svært omfattande register over tid. Fylkesrådmannen vil gå i dialog med revisjonen for å finne ei løysing.

Det kjem vidare fram i brevet frå fylkesrådmannen at ein vi arbeide med å følgje retningslinjene knytt til disposisjonsfond og ubundne investeringsfond. Det står også at ein vil prøve å føre korrekt budsjettavvik og få på plass tilfredsstillande dokumentasjon knytt til obligasjons- og sertifikatlån.

Revisor peikar i ein uttale (e-post datert 2. nov. 2017) spesielt på fylkeskommunen sine manglar når det gjeld dokumentasjon av balansepostane ved årets slutt samt krav om ekstern dokumentasjon av langsiktig gjeld. Revisor skriv vidare at ein må kunne forvente at dette i er i orden og tilfredsstiller krava i Bokføringslova §§ 6 og 11. Revisor vil følgje opp dei manglar som er tekne opp i revisorbrev 04-2017 løypande både i interims- og årsoppgjersrevisjonen 2017.

Kontrollsjefen har ingen merknadar utover det revisor skriv, og vil rá til at kontrollutvalet vedtek at oppfølginga av revisorbrev 04-2017 er fullført.

3. Konklusjon

Revisorbrev 04-2017 er etter kontrollsjefen si oppfatning oppfølgt av administrasjonen. Revisor vil følgje opp forholda i samband med interims- og årsoppgjersrevisjonen 2017.